

# LOVNORM FOR SÆRKRETSAR/REGIONAR

Vedtatt av Idrettsstyret 16. november 2021.

# LOVNORM FOR SKIKRETSAR

Vedtatt av Skistyret 17. mars 2023.

# LOV FOR HORDALAND SKIKRETS

Vedtatt Skikretstinget 03.06.2023

## § 1 Føremål

- (1) Føremålet til skikretsen er å arbeide for skiidretten si utvikling innan kretsen, og å fremje samarbeidet med idrettslaga. Kretsen skal bistå Norges Skiforbund (NSF) i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan kretsen.
- (2) Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og å vere ærleg.

## § 2 Organisasjon

- (1) Skikretsar vert oppretta, slått saman og oppløyst av NSF, som også fastset skikretsen sine grenser. Kretsen sine grenser treng ikkje fylgje eksisterande fylkesgrense.
- (2) Skikretsen består av alle idrettslag innad skikretsen sine grenser som er medlem av NSF og Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (NIF).
- (3) Gjennom NSF er Skikretsen et organisasjonsledd innad NIF.
- (4) For reglar om skikretsen sine plikter til å overhalde NIF og NSF's regelverk og vedtak, gjeldt NIFs lov §§ 2-2 og 2-3.

## § 3 Oppgåver

Skikretsen skal bl.a.:

- a) Representera NSF og bistå i saker knytta til den enkelte idrett.
- b) Stimulere til samarbeid mellom dei idrettslaga som driv skiidrett. Bistå idrettskretsen i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.
- c) Godkjenne kretsen si terminliste med renn, greiner og renndatoar, samt oppnevne dommarar/teknisk delegerte (NSF/TD), i samsvar med gjeldande rennreglement.
- d) Forestå skiidrettsfagleg utdanning i samsvar med NSF's planar.

- e) Sørge for gjennomføring av kretsmeisterskap, samt stimulere til annan idrettsleg aktivitet med størst mulig variasjon og omfang.
- f) Gje fagleg bistand ved planlegging og bygging av idrettsanlegg.
- g) Leverer beretning og rekneskap innan fastsette fristar, og søkje om økonomisk støtte frå NSF og idrettskrets.
- h) Gjennomføre NSF's strategiske plan innanfor skikretsen sine genser og myndighetsområde.

#### **§ 4 Kontingent og avgift**

- (1) Kontingenten og avgift for idrettslaga vert fastsette av skikretstinget.
- (2) Skyldig kontingent/avgift medfører tap av stemmerett og andre rettar på skikretstinget. Styret kan anbefale overfor NSF at lag, som skuldar kontingent eller avgift for meir enn ett år, mister sitt medlemskap i NSF.

#### **§ 5 Kjønnsfordeling**

For reglar om kjønnsfordeling i styre, utvalg mv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, gjeldt NIFs lov § 2-4.

#### **§ 6 Reglar om stemmerett, valbarheit, forslagsrett mv.**

For reglar om stemmerett, valbarheit og forslagsrett, gjeldt § 12 og NIFs lov § 2-5.

#### **§ 7 Inhabilitet**

For reglar om inhabilitet, gjeldt NIFs lov § 2-8.

#### **§ 8 Vedtaksførhet, fleirtallskrav og protokoll**

For reglar om vedtaksførhet, fleirtallskrav og protokoll, gjeldt NIFs lov § 2-9.

#### **§ 9 Refusjon av utgifter og godtgjersle**

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjersle, gjeldt NIFs lov § 2-10.

#### **§ 10 Rekneskap og revisjon mv.**

For reglar om rekneskap og revisjon mv., gjeldt NIFs lov §§ 1-7, 2-11, 2-13 og 2-14.

#### **§ 11 Skikretstinget**

- (1) Skikretsen sin høgaste myndighet er skikretstinget som vert halde annakvart år innan utgangen av mai i år det ikkje vert halde Skiting. Skikretstinget kan med 2/3 fleirtal vedta å halde ting kvart år.
- (2) Ordinært og ekstraordinært skikretsting vert gjennomført i samsvar med denne lov og NIFs lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20

## § 12 Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett

- (1) Forslagsrett til skikretstinget:
  - a) Skikretsen sitt styre.
  - b) Eit representasjonberettiga idrettslag
  - c) Møteberettiga komite/utval, i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde
  
- (2) Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett på skikretstinget:
  - a) Skikretsens styre
  - b) Representantar frå idrettslaga etter fylgjande skala:  
Representasjon vert rekna etter [bestemmes av skikretstinget ut i fra medlemstall og/eller antall aktive medlemmer.] og meddelt organisasjonen samstundes med innkalling til skikretstinget.  
For representasjonsrett for idrettslag, gjeldt NIFs lov § 10-3 (1).

Reisefordeling kan nyttst.

- (3) Møterett, talerett og forslagsrett på skikretstinget i saker som ligg innanfor utvalet/komiteen sitt arbeidsområde:
  - a) Kontrollutvalet sine medlemmar
  - b) Valkomiteen sine medlemmar
  - c) Leiarar i tingvalde utval/komitear, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er hindra frå å møte
  
- (4) Møterett og talerett på skikretstinget:
  - a) Representant frå NSF og NIF
  - b) Engasjert revisor, i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde
  
- (5) For å ha stemmerett, være valbar til tingvalde organ og kunne veljast/oppnemnast som representant til ting, må man ha fylt 15 år i løpet av kalenderåret, vore medlem av eit idrettslag tilslutta skikretsen i minst ein månad og ha gjort opp sine økonomiske pliktar til idrettslaget.
  
- (6) Ein person kan ikkje samtidig inneha meir enn eit av fylgjande verv i skikretsen: medlem av styret, valkomite, kontrollutval, lovutval, revisor. Person med slikt verv kan ikkje møte på skikretstinget som representant for eit anna organisasjonsledd.

## § 13 Skikretstinget sine oppgåver

Skikretstinget skal:

1. Godkjenne dei frammøtte representantar.
2. Velje dirigent(ar)
3. Velje protokollførar(ar)
4. Velje to representantar til å underskrive protokollen.
5. Godkjenne forretningsorden
6. Godkjenne innkallinga
7. Godkjenne sakslista

8. Behandla beretning for skikretsen, herunder beretning frå tingvalde organar
9. Behandle
  - a. skikretsen sin rekneskap
  - b. styret sin økonomiske beretning
  - c. kontrollutvalet sin beretning
  - d. eventuell beretning frå engasjert revisor
10. Behandle saker som framkjem av godkjent saksliste
11. Fastsettje kontingent.
12. Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett
13. Føreta fylgjande val:
  - a) Skikretsstyret med leiar og nestleiar, 2 styremedlemmer og 2 varamedlemar.
  - b) Leiarar av fagkomiteane i skikretsen
  - c) Nestleiar og medlemmar i fagkomiteane i skikretsen, alternativt at skikretstinget gir styret fullmakt til å oppnevne desse.
  - d) Kontrollutval med leiar, nestleiar og eit medlem.
  - e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledd skikretsen har representasjonsrett eller gi skikretsstyret fullmakt til å oppnevne representantane.
  - f) Valkomite med leiar og 2 medlemmar.

Leiar og nestleiar vert valgt enkeltvis. Dei øvrige medlemmar til skikretsstyret vert valgt samla. Deretter vert varamedlemmar valgt samla. Der det vert valgt fleire nestleiarar/varamedlemmar skal det veljast 1. nestleiar/varamedlem, 2. nestleiar/varamedlem osv.

14. Beslutte om det skal engasjerast revisor til å revidera særkretsens rekneskap.

For reglar om stemmegivinga på skikretstinget, gjeld NIFs lov § 2-21.

#### **§ 14 Skikretsens styre**

- (1) Skikretsen leiast og forpliktast av styret som er Skikretsens høgaste myndighet mellom tinga. Styret består av leiar, nestleiar, minimum 2 (to) styremedlem med varamedlemmar og leiarar i fagkomiteane i kretsen.
- (2) Skikretsstyret skal bl.a.:
  - a) Iverksette skikretstingets og overordna organisasjonsledds vedtak og bestemmelsar, herunder gjennomføring av NSF's strategiplan.
  - b) Førestå Skikretsens daglige administrasjon, representere Skikretsen utad og utøve faglig myndighet innan Skikretsens grenser.
  - c) Sjå til at Skikretsens midlar brukast og forvaltast på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på tinget eller av overordna organisasjonsledd, og sørge for at Skikretsen har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonar, og har ein forsvarleg økonomistyring.
  - d) Arrangere eller la arrangere kretsmesterskap og andre konkurranser innan kretsen og utarbeide terminlister for dette.
  - e) Utvikle Skikretsens organisasjon og aktivitetstilbud.
  - f) Oppnemne utval, råd og komitear etter behov samt utarbeide mandat/instruks for desse.

- g) Sende årsberetning til Skistyret senest innen 1. juli hvert år.
- (3) Styret skal avholde møter når leiaren beslutter det, eller minst to av styremedlemmane krev det.
- (4) Det nye skikretsstyret tiltrer umiddelbart etter skikretstinget.
- (5) De kan nedsettjast eit arbeidsutval til å ta seg av de løpande forretningar.
- (6) Ansatte i skikretsen kan møte med tale- og forslagsrett.

## **§ 15 Skikretsens fagkomitear for alpint, freestyle, hopp, kombinert, langrenn og telemarkskjøring**

Skigrener med aktivitet i skikretsen skal ha fagkomiteer. Komiteene er rådgivende organ overfor skikretsstyret. Komiteene er utøvende organ i sine grener innenfor fullmakt og med arbeidsoppgaver fastsatt av skikretsstyret.

### a. Samensetning av fagkomiteane i skikretsane

- (1) Kretsanes fagkomitear består av leiar, nestleiar og minimum 1 (ett) medlem.
- (2) Fagkomiteanes leiar vert valt på skikretstinget. Nestleier og medlemmar vert valt på skikretstinget eller oppnemnt av skikretsstyret etter fullmakt frå skikretstinget.

### b. Fagkomiteanes oppgåver i skikretsen

- (1) Skikretsens fagkomitear rapporterer til skikretsstyret.
- (2) Komiteanes hovudoppgåver er blant anna:
  - a. Rekrutterings-, breidde-, utviklings- og utdanningsarbeidet i de respektive greiner innanfor skikretsen.
  - b. Topp- og elitearbeid i de respektive greiner innanfor skikretsen.
- (3) Komiteanes øvrige oppgåver er blant anna:
  - c. Utarbeide framlegg til handlingsplan og budsjett som skal godkjennast av skikretsstyret og føre løpande kontroll med forbruk av de midler skikretsstyret har godkjent.
  - d. Iverksette nødvendige korrigeringar av sin aktivitet i.h.t. rekneskapsrapportar.
  - e. Leggje fram handlingsplan og budsjett for fagmøtet til uttalelse.
  - f. Samordne terminlista innanfor skikretsen i vedkomande grein.
  - g. Ta ut løparar til nasjonale meisterskap i greiner der skikretsane har kvoter.
  - h. Ta ut leiarar til representasjonsoppgåver.
  - i. Førestå utdanningsvirksomheten i vedkomande gren.
  - j. Fremje forslag til skikretsstyret til instruksar for trenarar og leiarar.

- k. Føreslå for skikretsstyret om arrangør av kretsmesterskap.
  - l. Føreslå teknisk delegerte (NSF/TD) og dommere i samsvar med gjeldande rennreglement samt eventuelt komiteens representant til renn utvalgt av komiteane.
  - m. Vurdere og føreslå for skikretsstyret tiltak som kan bidra til å fremje respektive greiner, herunder anleggsprosjekter.
  - n. Avgi rekneskap og beretning til skikretsstyret innan fastsatte fristar.
  - o. Handsame andre spørsmål som skikretsstyret pålegg komiteen.
- (4) Ansatte i skikretsen kan møte i fagkomiteane med tale- og forslagsrett.

#### c. Fagmøter i skikretsen sine fagkomitear

- (1) Fagmøte er rådgjevande organ for skikretstinget, skikretsstyret og fagkomiteen i kretsen i vedkomande grein innanfor komiteens oppgåve- og myndighetsområde.
- a. Det vert halde fagmøter kvart år innan utgangen av mai og ellers etter behov.
  - b. Fagmøtet uttaler seg om komiteens verksamheit, økonomi, planar for anlegg, kurs, trenings- og rennaktivitet.
  - c. Fagmøta legg fram for valkomiteen framlegg til kandidatar som komiteens leiar, nestleiar og medlem.
  - d. På fagmøta møter med stemme- og forslagsrett medlemma av fagkomiteen i vedkomande grein og minst ein representant for kvart idrettslag med aktivitet i greina. Antal representantar frå idrettslaga fastsettast av skikretstinget.
- (2) Dagens representasjonsordning vidareførast automatisk ved første fagmøte etter at denne lov er vedtatt. Ved samanslåing av skikretsar fastsettes representasjonen av dei aktuelle skikretsane.
- (3) Representasjon frå idrettslaga fastsettast av skikretstinget etter idrettslagas aktivitetstall for vedkomande grein iht. idrettsregistreringen same år som fagmøtet.
- (4) På fagmøta kan også møte med tale- og forslagsrett trenarar, dommarar, teknisk delegerte og andre som utøver organisert aktivitet innanfor greina.
- (5) Reiseutgiftsfordeling kan nyttast.

#### § 16 **Kontrollutval, valkomite og øvrige tingvalde organ**

- (1) For reglar om kontrollutvalet, gjelder NIFs lov § 2-12.
- (2) For reglar om valkomiteen, gjelder NIFs lov § 2-18.
- (3) Anleggsutval  
Anleggsutval med det antall medlemmer som skikretsstyret bestemmer.

## **§ 16 Alminnelege disiplinærforføyningar, sanksjoner og straff**

For alminnelege disiplinærforføyningar, sanksjonar og straff gjelder NIFs regelverk (NIFs lov kap. 11, NIFs lov kap. 12 og Antidopingregelverk), og bestemmelsane i NSF's lov og rennreglement.

## **§ 17 Avtaler og samarbeid mellom skikretsen og næringslivet**

For reglar om avtalar mellom skikretsen og næringslivet, gjelder NIFs lov kapittel 13 og bestemmelsane i NSF's fellesreglement.

## **§ 18 Idrettens markeds-, media og arrangementsrettigheter**

For reglar om markeds-, medie- og arrangementsrettigheter, gjelder NIFs lov kapittel 14.

## **§ 19 Lovendring**

For reglar om lovendring, gjelder NIFs lov § 2-2.

## **§ 20 Oppløsning**

Skikretsen kan berre oppløysast av NSF. Ved oppløsning eller annett opphøyr av skikretsen tilfaller skikretsens overskytande midlar etter avvikling et formål godkjent av NSF.

Bergen 03.06.2023